

# Årsmelding for Luster Hundeklubb 2010

## Styret for 2010

<b>Leiar:</b>	Inger Handegård, Gaupne	vald i 2010
<b>Nestleiar:</b>	Mona Nyløy, Fortun	på val i 2011
<b>Styremblem:</b>	Laila Joranger, Indre-Hafslo	på val i 2011
<b>Styremedlem:</b>	Asbjørg Rebni, Luster	vald i 2010
<b>Kasserar:</b>	Mona Listau, Luster	på val i 2011
<b>1. vara:</b>	Vigdis Vigdal, Jostedal	på val i 2011
<b>2. vara:</b>	Eva Røneid, Gaupne	på val i 2011
<b>Revisor:</b>	Torill Otterhjell, Fortun	

**Valnemnd:** Gerd Helene Gjerde og Einar Ese. Vara: Oddvin Kveane. Alle frå Jostedal.

**Antall medlemmer pr. 31.12.2010 er 61** (etter medlemslista til Norsk Kennel Klub).  
Av desse er 5 juniormedlemmer og 2 æresmedlemmer.

## Økonomi:

Revidert regnskap vert lagt fram på årsmøtet. Økonomien er god.

## Medlemsskriv

Mesteparten av informasjonen har gått gjennom heimesida, men medlemmene har fått eit par nyheitsskriv i løpet av året.

## Heimeside:

Webmaster er Gisle Haugen. Adressa er: [www.lusterhk.com](http://www.lusterhk.com)  
Besøk i 2009: 2669 mot 3913 i 2008.

## Årsmøtet 4 mars

Stad: Rådhuset. 20 møtte – 16 med stemmerett. Etterpå var det pizza, utlodning og praten gjekk rundt borda. Veterinær Gunnar Hofslundsengen snakka om fôring og hudproblem. Stine Svinø viste kjempefin video frå agilitytreninga.

## Styremøter

Det har vore 2 ordinære styremøter i løpet av året.

I tillegg har det vore ein del mindre møter for å planleggja sporprøvar mm. og kontakt via tlf og mail.

## Medlemsmøter – 4 møter i 2010

### Medlemsmøte 27. mai på rådhuset i Gaupne

12 personar møtte der hovudtema for møtet var spor og oppstart av sporkurs. Inger hadde ansvar for møtet.

### Medlemsmøte 22. september kl. 19.00 på Rådhuset i Gaupne

Ca. 14 møtte med stort og smått og det var ein engasjert gjeng som nesten ikkje ville gå heim att... :-) Tema var samandrag av sporkurset med mange bilete. Det var kort opplæring i korleis behandla bileta dine for bruk på internett, sending på mail og bruk i medlemsblad. Programma Photoscape og Faststone image viewer. Det var innføring i bruk av kennelklubbens database Dogweb og litt om svenske rasdata. Som vanleg vert det også litt sosialt og ein kaffi/tekopp og Inger sine nybakte skillingsbollar slo godt an.

### Medlemsmøte 27. oktober på rådhuset i Gaupne

15 medlemmer møtte. Marianne viste freestyle med Vikki. Me såg på videoar frå treninga hennar og anna trening i klubben Inger viste bilete som gjeld stell av hund - klipping - børsting - bading - klør - øyrer mm. Eva hadde bakt deilige bollar

### Medlemsmøte/julemøte 9. desember på rådhuset i Gaupne

15 møtte til eit svært hyggeleg møte. Inger viste bilete frå Spania. Asbjørg laga fantastisk god og spania-inspirert mat.

## **Kvelpekurs vår 2010**

10 kvelpar vart fordelt på to kurs. Mona var instruktør på begge. Kor mange var/vart medlem i LHK? 11 var med + 2 observatører. 7 av desse er innmeldt i klubben, men veit ikkje om nokon var med før og.

## **Sporkurs**

6 – alle var/vart medlem i Luster hundeklubb. Inger hadde kurset. 6 ulike rasar (wachtelhund, dansk-svensk gårdshund, aussie, sheltie, mellompinscher og grand basset griffon vendeen) Det var fire på blodspor og to på menneskespor. Kurset sklei litt ut på slutten då det var vanskeleg å finan ei tid som passa alle. To skal ha eit spor til i 2011 og Inger ynskjer å samla alle deltakarane på ei lita felles-samling der ein bl.a. legg spor til kvarandre.

## **Oppdrettarsamling på rådhuset 18. mars**

7 var med – alle frå Luster hundeklubb. Tema: Normalfordeling - eigenskapar som vert nedarva med fleire gener - enkel ressesiv nedarving. Kva er ein god hund? Kva er den beste halvdel av hundane i rasen? Inger hadde hovudansvar.

## **Oppdrettarsamling heime hjå Inger 14. desember**

8 var med – 6 var medlemmer i LHK. Denne gongen var det fokus på heilt ferske oppdrettarar, då fire av dei som var med enno ikkje har hatt kull.

## **Appellmerkeprøve**

Mona og Inger har dømt 4 frå hundeklubben – som alle har klart merket. I tillegg har Mona dømt 5 i Fjærland. Av desse klarde 4 merket.

## **Tilbod til medlemmene om agilitytrening i ridehallen på Kaupanger**

Arrangør: Sogndal hundeklubb. Kor mange medlemmer i Luster HK har nytta seg av tilbodet? 6 stk som eg veit om (Mona) – kan ha vore fleire inno utan eg er klar over da.

## **Trimkonkurranse saman med fotokonkurranse**

Målet var å få til eit tilbod for flest mogleg medlemmer i klubben pluss å få inn fleire bildete for bruk på heimesida. 8 medlemmer var med på trimturane og fotokonkurransen. Det vart trekt gavekort mellom alle og Hans Hodne frå Stavanger rangerte dei beste bileta. 1. premien på trim gjekk til Mona Nyløy. 1. premien på fotokonkurransen gjekk til Marianne Aas.

## **Fotokonkurranse – ope tema**

10 medlemmer sendte inn kvart sitt bilete. Dommars var Hans Hodne frå Stavanger. 1. premien gjekk til Inger Handegård.

## **Blodsporprøven i Fortun/på Indre-Hafslo og Hafslo 30. juni**

11 var påmeldt innan fristen og alle fekk starte. Dette var ettermiddags/kveldsprøve. Grunna stort antal påmeldte hundar vart det tre dommarar og to dagar. Dømte og la spor gjorde Andreas Otterhjell, Helge Alme og Inger Handegård. Eva Røneid la også to spor. 4 av dei 11 startande er medlemmer i LHK – 3 av desse fekk 1. premie og ein fekk i tillegg HP. Det vart delt ut 5 x 1. premie, 2 x HP, 3 x 3. premie, 3 x 0 og klubben fekk ein ny viltspor champion.

Prøvens beste hund vart NVCH Desperados Titicaca ført av Jeanette Kvammen frå Vassenden.

Nr. 2 med HP vart NVCH Astrosprings lo til Einar Ese, Jostedal.

1. premie og championat til labrador Narjana's Philosophia til Eva Røneid, Gaupne.

1. premie og beste hund dag to vart NSVCH Desperados Titicaca til Elin Anita Gjerde, Leikanger.

## **Agilitykurs på Kloppi dato?**

Arrangør var Sogndal og Omegn hundeklubb. Instruktør var Line Coucheron? Det var 5 deltakarar – av desse 4 frå LHK. Folk hadde ei kjempetriveleg helg.

## **Agility og lydighetstrening på Kloppi**

Det var ein liten gjeng som trente lydighet og agility på treningsområdet på Kloppi. Området har vorte klypt av mest Ronny men Mona har og gjort ein liten innsats.

## **Blodsporsporprøve i Fortun 29. august**

5 startande hundar + ein reservehund som også fekk gå. 5 av 6 var medlemmer i LHK. Det var 3 x 1. premie, ein av desse med HP og 3 x 0.

Prøvens beste hund: NVCH Desperados Titicaca ført av Jeanett Kvammen, Vassenden fekk HP.

Nr. 2 med 1. premie var Eva Røneid med NVCH Narjanas Philosophia.

Nr. 3 med 1. premie Elin Anita Gjerde med NSVCH Desperados Tingeling.  
Torill og Andreas som fiksa heile prøven - inkludert kaffi, kake, spor, papirarbeid og dømning. FANTASTISK!

### **Aktivetsdag på Kloppi 3. oktober**

Med stort og smått var det 14 tobeinte og 14 firbeinte på aktivetsdagen på Kloppi. Det var agility med vri og mykje moro. Værgudane var IKKJE samarbeidsvillige, men me hadde det moro likevel! Agilitygjengen ved Mona med Emma og Malene, Marianne og Stine stod bak dette trivelege arrangementet.

### **Kvelpesamling/sosialisering i oktober/november**

3 møtte – alle er/vart medlemmer i Luster hundeklubb. Me fekk låna fjøsen/stallen til Sjur. Inger var instruktør. Desse samlingane er gratis for medlemmer i LHK.

Det vart forsøkt ny samling i november/desember der to ville vera med – men det vart aldri funne dag der begge to kunne møte...

### **STOR og variert aktivitet blant medlemmene**

Her er eit utdrag frå resultat som er innsendt til klubben si heimeside som kan visa breidden og nivået hjå medlemmene i klubben.

### **Nye champions:**

NVCH Narjana's Philosophia (Freia) labrador til Eva Røneid vart viltspor champion.

### **Godkjente ettersøkshundar**

Det er 17 godkjente hundar i kommunen. Nokon er godkjent på fleire førarar.

### **Blodsporprøvar:**

HP til Einar Ese, Inger Handegård, Elin Anita Gjerde. 1. premie til mange fleire!

### **NM-blodspor 2010**

To hundar tilhøyrande Luster hundeklubb fekk plass. Best frå kommunen vart NORDVCH Desperados Rochelle (springer) til Inger Handegård som kom til finalen og vart nr. 4 med hederspremie. Einar Ese med NVCH Astrospring's lo fekk ein 1. premie.

### **Cert på utstilling:**

Cert til basseten til Anne-Ma Hov Molland, mellompinsjeren til Ann Kristin Teigen, springeren til Laila og Lars Gunnar Røneid, cavalieren til Janniche Sunddal og norwich terrier til June Schanche. Mange fleire har fått CK, HP og 1. premie.

### **Hi-hundar**

Jan Inge skjerven har fått 1. premie og cert på sine tyske jaktterriere.

### **Freestyle**

Aussien til Marianne Aas har gått til 1. premie

### **NM og nordisk gjetarhund!**

Tom Idar Kvam og border collien Mist deltok i NM og vart utteken til Nordisk finale gjetarhund - unghund - i Trelleborg i Sverige 27-28. november. Det starta 14 ekvipasjer frå kvart land. Plasseringa vart 15 plass individuelt og det norske laget vant samanlagt.

### **Lydigheit**

Inger Handegård har fått 1. premie i klasse I og III med sine springere, Mona Nyløy har fått 1. premie i klasse I og II med sine sheltiar og Marianne Aas har fått 1. premie i klasse I med sin aussie.

### **Klubben eig:**

2004: Agilityutstyr: Vippe, møne, hjul, tunnel, eit hopp hinder – står/er lagra på Indre-Hafslo

2004: Hopp-hinder LP. Står hjå Inger

2008: Bærbar datamaskin og videokanon. Står hjå Inger

2010: Videokamera. Står hjå Inger

2010: Nye agilityhinder – antal – kva type og står kvar? Det vart laga 5 nye hopp hinder i 2010. Alt ag-utstyr er lagra hjå Mona N.